



Notat

Dato: 05.10.2016
Arkivsak: 2014/24696-12
Saksbehandlar: berroks

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppseiing av avtale mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkesutvalet i januar 2015 der Bergen Katedralskole (BKS) fekk aksept for å opprette eit samarbeid med Scandinavian School of Brussels (SSB) med sikte på å utarbeide eit tilbod for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar ved skulen frå skuleåret 2015-2016. Tilbodet skulle i første omgang gjelde for ein periode på tre år. Den årlege elevprisen på om lag 180 000 NOK skulle Hordaland fylkeskommune dekke.

Så langt har i alt sju elevar; fire elevar i skuleåret 2015-16 og tre elevar i skuleåret 2016-17, fått tilbod om å ta det andre studieåret ved skulen i Brussel. Utdanningstilbodet blei godkjent og fekk støtte i Statens lånekasse frå skuleåret 2016-2017. IB-elevane følgjer ordinært IB-Diploma-tilbod ved SSB, medan elevane på studiespesialiserande følgjer andre året på svensk gymnasium ved same skule. Etter fullført og godkjent skuleår i Belgia går elevane vidare til Vg3 i Norge. Elevane som fullfører 2-IB ved SSB, går vidare til 3-IB på BKS.

Dette er eit tilbod som berre gjeld elevane på Bergen Katedralskole, og det er til no gitt tilbod til maksimum to elevar på studiespesialiserande og to på IB-linja. Tilbodet er for dei få, og det er eit svært kostbart tilbod. SSB krev skulepengar, og saman med utgifter til internat kjem kostnadane per elev på omlag 220 000 NOK. Elevane får om lag 45 000 kroner i stipend frå Statens lånekasse, og fylkeskommunen dekker restbeløpet. Totalt vil kostnaden for fylkeskommunen desse to åra vere på om lag 1.3 mill. NOK.

Hordaland fylkeskommune står framfor betydelege nedskjæringar i budsjetttramma for 2017, og det vil vere ei stor utfordring å fortsette eit så kostbart opplegg for så få elevar. For elevane som går på IB-linja, vil det ikkje vere nokon forskjell når det gjeld innhaldet i undervisninga, då læreplanane for IB er dei same ved alle skular som har tilbodet.

Fylkesrådmannen har derfor bestemt at tilbodet blir lagt ned frå og med skuleåret 2017-18, og at kontrakten med SSB blir sagt opp frå og med 1. januar 2017.